

Det skal vere enkelt å vere frivillig i Gulen

TEMAPLAN FOR FRIVILLIGHET
I GULEN KOMMUNE
2025-2029



Om temaplanen

Temaplanen for frivilligheit representerar Gulen kommune sin frivilligheitspolitikk, og inneheld overordna målsettingar for kommunen sitt samspel med frivillig sektor. Hovudmålet ved å etablere ein frivilligpolitikk for Gulen kommune er å gjere det enklare å vere frivillig. Planen er eit verktøy for å utvikle og betre samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor, som gir eit fundament for eit førseieleg og konstruktivt samspel mellom partane. Frivilligheita er ei viktig berebjelke i samfunnet, og bidreg til at lokalsamfunnet vårt er ein god plass å bu og vekse opp. Kommunen ynskjer å fokusere på verdien til frivilligheita, og korleis kommunen kan bidra til å styrke frivillig sektor. Planen blir grunnsteinen for at Gulen kommune gjer satsingar som skal stimulere til ein aktiv og levande frivillig sektor, og synleggjere den verdien det faktisk har.

Temaplanen reviderast kvart 4.år og blir vedteken av kommunestyret. Planen er bygd opp med fire følgjande rammer: dialog, ressursar, rekruttering og føreseielegheit. Til kvar ramme er det ein handlingsplan med oppdrag «Dette gjer vi», som konkretiserar plandokumentet ytterlegare. Handlingsplanen vil gjelde for eit år om gangen, og det rapporterast årleg til utval for oppvekst og kultur på status for tiltaka i handlingsplanen. Kvart delmål i denne planen er knytt til eit hovudmål eller strategi i samfunnsplanen eller kommunedelplanen for oppvekst og kultur. Dagleg leiar i frivilligsentralen og frivilligrådet i kommunen har ansvar for oppfølginga av planen og utviklinga av handlingsplanar.

Dialog

Frivilligheita er ekspert på frivillig innsats, lokal mobilisering og engasjement. Det er difor viktig at kommunen lyttar til frivillig sektor og at frivilligheita blir høyrte og sett. Kommunen ynskjer å ta eit aktivt ansvar ved å legge til rette for dialog og for å auke frivillig sektor si medverknad i samhandling med kommunen. Tettare dialog vil bidra til gjensidig læring, avklaring av forventningar og utvikling av demokratiet. I tillegg vil frivillig sektor få meir innsikt og eigarskap til politiske vedtak.

Mål og strategiar i samfunnsplanen (S) og kommunedelplanen for oppvekst og kultur (K)	Delmål:	Oppdrag: Dette gjer vi i 2025
<p>S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar</p> <p>S: Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane</p>	<p>Frivilligsentralen i kommunen er felles kontaktpunkt i kommunen for frivilligheita. Sentralen skal vere eit bindeledd mellom frivillig sektor og kommunen.</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Vere med på eit årsmøte i kvar skulekrins i ein frivillig organisasjon2. Få tilsendt årsmelding frå alle lag og organisasjonar3. Sende ut digitalt nyhendebrev fire gongar i året4. Frivilligkoordinator besøker vaksenopplæringa x 2 årleg
<p>S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar</p> <p>S: Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane</p> <p>K: Samarbeid og samhandling mellom dei frivillige organisasjonane</p>	<p>Eit felles dialogmøte med frivilligheita i året, der politikarar og tilsette i administrasjonen er med. I tillegg ynskjer vi jamnlege møter som er delt inn geografisk og tematisk, som kan vere fysiske eller digitale.</p>	<p>I 2025 ynskjer vi å gjennomføre desse fysiske samlingane: Dialogmøte for alle: mars Bygdemøte i alle bygdene: september Temamøte: november</p>

Ressursar

Kommunen vil i framtida ha problem med å klare å løyse alle samfunnsoppgåver aleine. Det er difor viktig at kommunen er med å stimulerar til frivillig engasjement for å styrke frivillige sektor si rolle, både som nærmiljøutbyggjar, ei inkluderande kraft og som bidragsytar til å løyse felles samfunnsutfordringar. I Gulen kommune er det eit sterkt og aktivt organisasjonsliv. Frivilligheita har lange tradisjonar, stor kapasitet og opererar på mange samfunnsområder. Til saman er det per 2024 rundt 70 lag og organisasjonar fordelt rundt omkring i vår vidstrakte kommune. Lag og organisasjonar sit med solid kunnskap, erfaringar, kompetanse og utstyr som kan nyttast på mange arenaer. Den aller viktigaste ressursen frivillig sektor sit på er vilje til å bidra og mange hender å stille med. Desse ressursane kan kome andre lag og organisasjonar, kommunen og lokalsamfunnet elles til gode, og bør difor synleggjerast.

Mål og strategiar i samfunnsplanen (S) og kommunedelplanen for oppvekst og kultur (K)	Delmål	Oppdrag: Dette gjer vi i 2025
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Kommunen kan bidra med kompetanseheving på tema som frivillig sektor ynskjer.	Arrangere informasjonsmøter og kurs i søknadskrivning til tilskotsordningar.
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Ha oversikt over kva ressursar som er tilgjengeleg i kommunen.	Kommunen lagar til oversikt over eksisterande kompetanse, utstyr og lokaler. Her må frivillig sektor bidra.
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar S: I Gulen kommune skal alle oppleve ein trygg alderdom	Ei berekraftig helse- og omsorgsteneste (Henta frå Omsorgsplanen 2016-2030)	Kommunen kartlegg aktuelle samarbeidsmodellar mellom kommunen og frivillige for å auke frivilligheita på helse- og omsorgsfeltet, samt set i verk tiltak for å rekruttere frivillige som ynskjer å bidra på området.

Rekruttering

Mange i kommunen vår er allereie med i lag og organisasjonar, eller bidreg på andre måtar som frivillig. Det er ein kjent sak at frivilligheita slit med å rekruttere nye frivillige. Noko av nøkkelen til rekruttering vil vere synleggjering, og kommunen ynskjer å bidra til å synleggjere frivillige lag og organisasjonar. Dette vil både vere viktig for å rekruttere nye frivillige, men òg å for at fleire skal vite om og delta på aktivitetane deira.

Mål og strategiar i samfunnsplanen (S) og kommunedelplanen for oppvekst og kultur (K)	Delmål	Oppdrag: Dette gjer vi i 2025
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Synleggjere frivillig sektor	<ol style="list-style-type: none">1. Arrangere presentasjonsdag/markeds dag der frivillige lag og organisasjonar kan syne seg fram2. Kommunen køyrer ulike kampanjar for å synleggjere frivilligheita på ulike plattformar3. Årleg fest for å hedre frivilligheita
S: Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane	Vidarefører oversikt over lag og organisasjonar.	<ol style="list-style-type: none">1. Her må frivillig lag og organisasjonar bidra til at kontaktinformasjon er oppdatert og stemmer.2. Frivilligsentralen sender ut påminning om oppdatering av informasjon.
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Vidareføre aktivitetsskalendar på heimesida til Gulen kommune.	Her må frivillig sektor vere bidragsytar til at kalendaren er oppdatert ved å legge inn arrangement.
K: Born og unge i Gulen kommune - som ynskjer det - har ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske- og sosiale ressursar.	Implementere verktøyet AlleMed i kommunen	Lage framdriftsplan for implementering

Førseielegheit

Det skal vere enkelt å starte og drifte ein frivillig organisasjon i Gulen. Førseielegheit er ein viktig faktor for at frivillig sektor skal kunne drive arbeidet sitt enklast mogleg, og kommunen ynskjer å bidra til dette. Å få oversikt over kva kommunale midlar som eksisterar og kortid dei kjem vil gjere det enklare for lag og organisasjonar å planlegge aktivitetar. Det er ynskjeleg at organisasjonane bruker minst mogleg ressursar på byråkrati og rapportering, slik at dei får meir tid til sine kjerneaktivitetar.

Mål og strategiar i samfunnsplanen (S) og kommunedelplanen for oppvekst og kultur (K)	Delmål	Oppdrag: Dette gjer vi i 2025
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Gjere samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita meir førseieleg	Lage til årshjul som inneheld oversikt over fristar for ulike støtteordningar, møtepunkt mellom kommunen og frivillig sektor og andre relevante opplysningar
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Kommunen ynskjer å legge til rette for at lag og organisasjonar skal få tilgang til gode og tilpassa lokaler.	<ol style="list-style-type: none">1. Kommunale bygg lånast ut til lag og organisasjonar vederlagsfritt.2. Kommunen vil gjennomføre ein gjennomgang av lokala sine eignaheit og tilgjengelegheit.
S: Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	Jobbe fram betre støtteordningar og gi meir støtte til frivilligheita. Gjere søknadsprosessane og rapportering enklast mogleg.	Greie ut støtteordning for lag og organisasjonar slik at dei får dekkja kommunale gebyr

